



Innst. 104 S

(2014–2015)

Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 24 S (2014–2015), kap. 490, 491 og 3490

Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2014 under Justis- og beredskapsdepartementet

Til Stortinget

1. Samandrag

1.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2014.

1.2 Forslag om endringar

1.2.1 Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 490 post 1 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3490 post 5.

Det går fram av proposisjonen at på bakgrunn av auka refusjonar frå politiet, Utlendingsnemnda og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) for bruk av IKT-systemet DUF, lønnsrefusjonar for utlån av tilsette til andre delar av forvaltninga og auka inntekter som følgjer av formannskap i General Directors' Immigration Services Conference (GDISC) i år, vert det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga under kap. 490 post 1 med 5,1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3490 post 5.

POST 21 SÆRSKILDE DRIFTSUTGIFTER, STATLEGE MOTTAK

Gjeldande løyving er basert på eit gjennomsnittleg belegg i mottak på 15 560, blant desse 330 einsle-

ge mindreårige, jf. Prop. 93 S (2013–2014). Nyare prognosar viser at gjennomsnittleg belegg i mottak er venta å vere 15 110, blant desse 400 i mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Mindreutgiftene som følgjer av dette vert anslått til 18,5 mill. kroner.

Det går fram av proposisjonen at som følge av lågare utnytting av kapasiteten enn det som er lagt til grunn for budsjettet, er det venta eit meirforbruk. Dette heng saman med at UDI har planlagt for fleire nye asylsøkjjarar enn det som har vore tilfellet, og oppseiingstid på kontraktar for drift av mottak. Meirutgiftene som følgjer av dette vert anslått til 72,4 mill. kroner.

Samla vert det i proposisjonen på bakgrunn av dette foreslått å auke løyvinga under kap. 490 post 21 med 53,9 mill. kroner.

POST 22 SÆRSKILDE DRIFTSUTGIFTER, TOLK OG OMSETTING

Det går fram av proposisjonen at UDI har gjennomført færre intervju til ein lågare gjennomsnittleg kostnad enn lagt til grunn i budsjettet. Som følge av dette vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 490 post 22 med 15 mill. kroner.

POST 60 TILSKOT TIL VERTSKOMMUNAR FOR STATLEGE MOTTAK FOR ASYLSØKJARAR OG FLYKTNINGAR

Færre bebuarar i mottak tilseier isolert sett ei mindreutgift på posten. Det går fram av proposisjonen at på grunn av ein høgare del bebuarar i mottak for einslege mindreårige og lågare utnytting av kapasiteten i mottak enn det som er lagt til grunn for budsjettet, jf. omtale under post 21, er det venta eit meirforbruk på posten.

Samla vert det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga under kap. 490 post 60 med 6,3 mill. kroner.

POST 70 ØKONOMISKE YTINGAR TIL BEBUARAR I ASYLMOTTAK

Det går fram av proposisjonen at det gjennomsnittlege talet på bebuarar i mottak i 2014 vert lågare enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Det gir eit venta mindreforbruk på om lag 14,6 mill. kroner. Vidare er det lågare gjennomsnittlege kostnader per bebuar enn tidlegare lagt til grunn, hovudsakleg som følgje av endra samansetning av bebuarar i mottak. Dette gir eit venta mindreforbruk på 15 mill. kroner.

Samla vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 490 post 70 med 29,6 mill. kroner.

POST 72 RETUR AV ASYLSØKJARAR MED AVSLAG OG TILBAKEVENDING FOR FLYKTNINGAR, KAN OVERFØRAST

Det går fram av proposisjonen at det så langt i 2014 har vorte brukt mindre av løyvinga under post 72 enn venta. Hovudsakleg kjem dette av at færre har nytta seg av tilbodet om assistert retur og at utgiftene per retur har vore lågare enn tidlegare lagt til grunn.

Det vert i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 490 post 72 med 15 mill. kroner.

POST 75 REISEUTGIFTER FOR FLYKTNINGAR TIL OG FRÅ UTLANDET, KAN OVERFØRAST

Det går fram av proposisjonen at på bakgrunn av færre overføringsflyktningar og familieinnvandrarar enn tidlegare lagt til grunn, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490 post 75 med 400 000 kroner.

1.2.2 Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

POST 1 RETUR AV ASYLSØKJARAR MED AVSLAG OG TILBAKEVENDING FOR FLYKTNINGAR, ODA-GODKJENDE UTGIFTER

På bakgrunn av forslag om reduksjon av løyvinga under kap. 490 post 72, samt lågare del returar til ODA-land, vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490 post 1 med 25,4 mill. kroner.

POST 3 REISEUTGIFTER FOR FLYKTNINGAR TIL OG FRÅ UTLANDET, ODA-GODKJENDE UTGIFTER

På bakgrunn av forslag om reduksjon av løyvinga under kap. 490 post 75 vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490 post 3 med 400 000 kroner.

POST 4 STATLEGE MOTTAK, ODA-GODKJENDE UTGIFTER

På bakgrunn av forslag om endring i løyvingar under kap. 490 post 21, post 60 og post 70, vert det i

proposisjonen foreslått å auke løyvinga under kap. 3490 post 4 med til saman 81,1 mill. kroner.

POST 5 REFUSJONSINNTEKTER

På bakgrunn av auka refusjonar frå politiet, UNE og IMDi for bruk av IKT-systemet DUF, lønnsrefusjonar for utlån av tilsette til andre delar av forvaltninga og auka inntekter som følgjer av formannskap i GDISC i år, vert det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga under kap. 3490 post 5 med 5,1 mill. kroner mot tilsvarende auke av løyvinga under kap. 490 post 1, jf. omtale under kap. 490 post 1.

1.2.3 Kap. 491 Utlendingsnemnda

POST 1 DRIFTSUTGIFTER, KAN NYTTAST UNDER KAP. 491 POST 21

Det går fram av proposisjonen at på grunn av redusert behov for behandlingsskapasitet i UNE er det venta eit mindreforbruk på 3 mill. kroner. På denne bakgrunn vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 491 post 1 med 3 mill. kroner.

POST 21 SÆRSKILDE DRIFTSUTGIFTER, NEMNDBEHANDLING, KAN NYTTAST UNDER KAP. 491 POST 1

Det går fram av proposisjonen at på grunn av lågare utgifter til nemndbehandling enn tidlegare lagt til grunn, er det venta eit mindreforbruk på 3 mill. kroner under kap. 491 post 21. På denne bakgrunn vert det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga under kap. 491 post 21 med 3 mill. kroner.

2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen og Eirik Sivertsen, frå Høgre, Frank J. Jenssen, Mudassar Kapur, Bjørn Lødemel og Ingjerd Schou, frå Framstegspartiet, Mazyar Keshvari og leiaren Helge André Njåstad, frå Kristeleg Folkeparti, Geir S. Toskedal, frå Senterpartiet, Heidi Greni, frå Venstre, André N. Skjelstad, og frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, handsamar i innstillinga budsjettkapitla 490, 491 og 3490 og har elles ingen merknader.

3. Tiltråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2014 vert det gjort følgande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
490		Utlendingsdirektoratet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 838 251 000 til kr 843 351 000	5 100 000
	21	Særskilde driftsutgifter, statlege mottak, vert auka med frå kr 1 692 841 000 til kr 1 746 741 000	53 900 000
	22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting, vert redusert med..... frå kr 57 546 000 til kr 42 546 000	15 000 000
	60	Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktingar, vert auka med frå kr 311 175 000 til kr 317 475 000	6 300 000
	70	Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak, vert redusert med..... frå kr 506 385 000 til kr 476 785 000	29 600 000
	72	Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktingar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 110 618 000 til kr 95 618 000	15 000 000
	75	Reiseutgifter for flyktingar til og frå utlandet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 17 287 000 til kr 16 887 000	400 000
491		Utlendingsnemnda	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21</i> , vert redusert med..... frå kr 279 800 000 til kr 276 800 000	3 000 000
	21	Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttast under post 1</i> , vert redusert med..... frå kr 12 413 000 til kr 9 413 000	3 000 000
Inntekter			
3490		Utlendingsdirektoratet	
	1	Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktingar, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med frå kr 126 654 000 til kr 101 254 000	25 400 000
	3	Reiseutgifter for flyktingar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med..... frå kr 19 688 000 til kr 19 288 000	400 000
	4	Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter, vert auka med frå kr 1 072 114 000 til kr 1 153 214 000	81 100 000
	5	Refusjonsinntekter, vert auka med frå kr 12 583 000 til kr 17 683 000	5 100 000

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 4. desember 2014

Helge André Njåstad

leiar og ordførar

